



Harald Norheim  
Mjåtveitvegen 17 B  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/182 - 21/1999

Saksbehandlar:  
Øyvind Tolleshaug  
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:  
07.04.2021

## Løyve til å byggja terrasse ved bustad på gnr. 168, bnr. 213.

### Administrativt vedtak. Saknr: 009/21

#### Saksutgreiing:

Saka gjeld riving av eksisterande tilbygg, bygging av nytt tilbygg og terrasse ved einebustad på eigedommen gnr. 168, bnr. 213.

Tiltaka ligg i eit område som etter kommuneplanen er sett av til byggjeområde.

Eksisterande tilbygg har eit bebygd areal på om lag 10 m<sup>2</sup>. Eksisterande tilbygg syner ikkje på kartet pga mykje vegetasjon. Norheim vil riva eksisterande tilbygg og byggja eit nytt med bebygd areal på 24 m<sup>2</sup>. Dette tiltaket er ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Planlagd terrasse har eit bebygd areal ( BYA ) på 68 m<sup>2</sup> og er søknadspliktig.

Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova ( pbl ). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjektera og utføra.

I § 3-1 i Forskrift om byggesak, finn ein ei meir detaljert skildring av § 20-4 tiltaka.

Etter § 3-1 i Forskrift om byggesak, er arealgrensa for tilbygg der tiltakshavar kan stå for søknad osb, lik 50 m<sup>2</sup>. Grensa gjeld både samla bruksareal og bebygd areal. Arealet til terrassen er 68 m<sup>2</sup> og søknaden kjem inn under dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til. Vi må sjå på terrassen som eit tilbygg.

Nabovarsel er ikkje levert. Etter § 21-3, 2. ledd i pbl, kan kommunen gjera vedtak om fritak for kravet om å levera nabovarsel. Føresetnaden er at naboane sine interesser ikkje vert råka. I dette høvet kan eg ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med naboane sine interesser. Fedje kommune er næraste nabo.

Levert materiale stettar kravet til søknad.

**Vedtak**

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Kommunen har ingen merknader til søknaden om bygging av terrasse sist datert 23. mars 2021. Bygging av terrasse på gnr. 168, bnr. 213, kan ta til.

Tiltakshavar Harald Norheim får i samsvar med § 21-3, 2. ledd i pbl, fritak for kravet om å levera nabovarsel.

**Vilkår for løyvet :**

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaka er gjennomførte. Lovheimel : § 21-10 i pbl.  
Dette gjeld både tilbygget og terrassen. Kommunen kan då oppdatere kartet.

Øyvind Tolleshaug  
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Harald Norheim

Mjåtveitvegen 17 B

5918

FREKHAUG